



Vang kommune

Asplan Viak AS
v/Eirik Øen
Sundrejordet 4
3570 ÅL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LAJMAG -22/905 -1

Arkiv:

2022001,
Fløgstrøndheisen, 35,
L12, 4/3

Vår dato:

08.12.2022

Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering for Fløgstrøndheisen

1. Referat frå oppstartsmøte

Namn og planident til planen	Fløgstrøndheisen 2022001
Møtedato	16.11.2022
Møtedeltakarar	Eirik Øen(Asplan Viak - kontaktperson), Kjetil Lien Sundsdal(Asplan Viak), Håkon Arnstorp, Knut Bremer og Nikolai Tefre Lunder(Fredensborg Fritid), Magnus Lajord(Vang kommune).
GNR/BNR	4/3 5/1 og 7/1
Føremålet til planen	Legge til rette for alpin utvikling med skiheis, kombinert med andre aktivitetar i eit heilårs perspektiv.

2. Planforslaget(sjå vedlagt planinitiativ)

Planinitiativet	<p>Planinitiativet vart gjennomgått. Ynskje om å utvikle Fløgstrøndheisen med tilhøyrande nedfartar i omsynssone(detaljeringssone) H810_12 i kommunedelplan Tyinkrysset.</p> <p>Planen skal regulere alpinføremål med ny heistrase, nedfartar, rekreasjons- og fritidsområder og naudsynt område for service-/beredskapsanlegg, samt drift- og vedlikehald ved botnstasjon.</p> <p>Ecosign jobbar med ei revidering av masterplanen og i samsvar med denne revideringa er det forslag om å flytte botnstasjon til T-krokheis noko lenger aust. Dette vil gje ei betre utnytting av dei topografiske tilhøva med tanke på</p>
-----------------	--

	heistrase og nedfartane. Toppstasjonen blir om lag som i forslag til trase i kommunedelplanen for Tyinkrysset. Med å flytte botnstasjonen lenger aust vil ein så vidt koma utanfor omsynssone H810_12.
--	--

3. Planføresetnadar

Kommunedelplan Tyinkrysset	<p>Kommunedelplan for Tyinkrysset er gjeldande for området. Arealet med omsynssone H810_12 er avsett til alpinområde og parkering.</p> <p>Planforslaget er i samsvar med overordna plan, og det blir difor ikkje sett krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Det relativt marginale området(75daa) som blir føreslege utanfor omsynssone H810_12 må ugreiast og kvalitetssikrast særskilt, og på same måte som hovuddelen av området vart konsekvensutgreidd i arbeidet med kommunedelplan.</p>
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	<ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 • Rettleiar om planlegging av fritidsbustader • NVE sin rettleiar for flaum- og skredfarekartlegging • Kommunal- og moderniseringsdep. sin rettleiar for barn og unge i plan og byggesak
Generelle krav til reguleringsplanen	<p>Planforslaget skal utarbeidast etter, og i samsvar med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonal mal for føresegn • Direktotatet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar for risiko- og sårbarheit • Eigedomsgrenser som er, eller kan bli, berørt av nye tiltak skal vera innmålt og avklara med oppmålingforretning for grunneigar/utbygger si rekning før det blir gjeve løyve til tiltak. For dette planområdet er det særskilt eigedomsgrensa mot E16 som må takastomsyn til.

4. Planfaglege utgreiingar

Planfaglege vurderingar	<p>Planforslaget er i all hovudsak i samsvar med intensjonen for området i overordna kommunedelplan. Deler av planforslaget er utanfor omsynssona, men då det berre er avgrensa med infratraktur og skinedfart som er planlagt utanfor omsynsson H810_12, og ikkje større bebyggelse, meiner kommunen at dette kan gjennomførast i planprosessen utan at det utløyser krav om planprogram.</p> <p>Ein må i planprosessen vurdere behovet og storleiken på parkering og område som er naudsynt for service, drift og vedlikehald ved botnstasjonen. Dette må vurderast opp mot resten av alpinanlegget.</p>
-------------------------	--

Samfunnstryggleik og beredskap /narturfare/ROS-analyse	<p>Området er kartlagt for naturfare og planlagte tiltak må sjåast opp mot denne.</p> <p>Sjekkliste for risiko- og sårbarheit etter ny rettleiar må gjennomgåast av forslagsstiller, og faremoment som kjem fram av denne må vurderast nærare.</p> <p>Det går fleire drenslinjer gjennom planområdet og mot E16. Det må gjerast vurderingar opp mot endring av eventuelle flaumvegar, og handtering av overvatn for særskilt parkeringsarealet.</p>
Kulturlandskap og kulturminne	<p>Det er ikkje registrerte kulturminner innanfor planområdet. Ved varsel om planoppstart bør ein be Innlandet fylkeskommune ved kulturarveininga om innspel og avklaring om vidare behov for kartlegging.</p>
Veg- og tekniske tilhøve	<p>Avkøyring og eventuell parkering må avklarast særskilt med Statens vegvesen.</p> <p>Ein må i samarbeid med Vang energiverk få kartlagt kapasitet, behov og framføring av straum til planområdet.</p> <p>Det er ikkje planlagt mykje bebyggelse, men det må avklarast vatn og avløp til den bebyggelsen som blir etablert.</p>
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane	<p>Området ligg norvendt og lite eksponert til for andre enn forbi-passarande på E16. Det blir oppmoda til at fysiske tiltak som til dømes heisbu ved botnstasjon får gode visuelle kvalitetar og at ein skjermar eventuell parkering mest mogleg frå E16.</p> <p>Nedfartane skal som utgangspunkt berre renskast for stein og jevne ut terrenget. Ein bør i føresegna presisere kor store endringar ein kan gjera med heimel direkte i planen, og kva større endringar som evt. utløyser søknadspliktig.</p>
Høyringspartar	<ul style="list-style-type: none"> • Statsforvaltaren i Innlandet • Innlandet fylkeskommune • Norges vassdrag- og energidirektorat • Statens Vegvesen • Vang Energiverk KF • Valdres kommunale renovasjon • Valdres Brann- og redningsteneste IKS • Tyin-Filefjell løypelag • Tyin Filefjell Hytteforum • Eksisterande hytteigarar som vil bli berørt av planforslaget

5. Andre moment etter forskrift §2 og §3

§2 d)	På noverande tidspunkt er det ikkje aktuelt med felles behandling av plan- og byggesak etter pbl. § 12-15. Forslagsstiller vil vurdere dette i prosessen vidare.
§2 e)	Kommunen vil sende over varslingsliste, konsekvensutgreiing av H810_12 frå kommunedelplanen, informasjon frå Statens Vegvesen om stikkrenner og trekkerør for E16 og informasjon om eigedomsgrense mot E16.
§2 f)	Det kan bli behov for seinare dialogmøter mellom forslagsstiller og kommunen. Dette blir vurdert fortløpande.
§2 i)	Det er ikkje aktuelt å stoppe planinitiativet etter plan- og bygningslova § 12 – 8 andre ledd
§3	Kommunen vurderer det til at kravet til fagkyndig jf. pbl. § 12-3 fjerde ledd er oppfylt. Det er ikkje aktuelt/naudsynt å bringe planforslaget inn for regionalt planforum

6. Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.m sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

Ved varsel om oppstart sender forslagsstiller sosi-fil med planavgrensing over til kommunen.

7. Tentativ framdrift*

Planlagt varsling	Desember 2022
Planlagt dato for oversending av planforslag til kommunen	Februar 2023 <i>Kommunen syner til fastsett møteplan på kommunen sine heimesider. Komplett planforslag må vera sendt over til kommunen seinast 4 veker før forslagsstiller ynskjer forslaget behandla i politisk utval for høyring.</i>
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	Februar/mars 2023
Offentleg ettersyn, 6 veker	Mars/april/mai 2023
Endeleg planvedtak i kommunestyret	Juni 2023

* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om sakshandsamingstid skal uansett overhaldast.

Plangebyr

Handsaming av planforslag blir gebyrlagt i samsvar med Vang kommune sitt gebyrregulativ

Stadfesting og atterhald

Vi gjer merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.

Med helsing

Magnus Lajord

Arealplanleggjar

Dir. tf.: 948 84 972

E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.